

PARTNARSKAPSAVTALE

1. Avtalepartnarar

Dei involverte ved etableringa av Utdanning i Ryfylke – UiR.

2. Bakgrunnen for samarbeidet

Krava er aukande til kontinuerlig kompetanseheving i arbeidslivet. Både bedrifter og offentleg verksemd må kunne omstille seg raskt til nye oppgåver og endra etterspurnad for å styrke konkurranseevna og halde kostnadane låge. Nye produksjons og arbeidsprosessar må skapast.

Prosjektet har referanse til St.meld. nr. 25 (2008-2009) Lokal vekstkraft og framtidstru. "For kommunar med liten kapasitet og kompetanse innan eit område, kan samarbeid med nabokommunane vere ein nøkkel til å styrkje den lokale samfunnsutviklinga. Lokal samfunnsutvikling bør også ta tak i utfordringane for samanhengande, funksjonelle område som ikkje alltid følgjer kommunegrensene."

I St.meld. nr. 12 (2006–2007) Regionale fortrinn – regional framtid , er det slått fast at fylkeskommunane skal vere dei sentrale regionale utviklingsaktørane. Kjernen i det regionale utviklingsarbeidet er å fremje ei heilskapleg og vilja samfunnsutvikling i eigen region ved samarbeid, samhandling og initiativ som kan styrkje utviklinga.

St.meld. nr. 47 (2008-2009) Samhandlingsreformen stiller krav om eit kompetent helsepersonell. Kommunane får pr. 01.01.2012 nye oppgåver og vil møte nye utfordringar. Kompetanse er nøkkelord i dei tenestene som skal leverast lokalt. Dei handlar først og mest om vår velferd. "Utdanning er identitetsskapende og kan gi den enkelte bedre evne til å forstå sammenhenger i samfunnet".

3. Type partnerskapsavtale

Avtalen er inngått innanfor ramene av omtalen av Institusjonelt Partnerskap. Avtalepartnarane er då komplementære og fungerer som likeverdige medlemmer i samarbeid om ei "vinn – vinn utvikling." Dette skal vere både utgangspunkt og retning for forvaltning av felles menneskelig kapital.

4. Føremål med avtalen

Kompetanse skal aktiverast som drivar for utvikling av næringsliv og samfunn i Ryfylke ved at dei tre vidaregåande skolane i regionen løfter fram utdanning som felleseige og fremste demokratiske ressurs. For å skape studentvolum, skal alle utdanningsnivå dekkast frå vidaregåande opplæring via fagskole like opp til høgskole og universitet.

5. Samarbeidsområde

Samarbeidet skal skje innanfor det regionalpolitiske ansvaret til fylkeskommunen. Næringsliv og offentlig verksemd i Ryfylke utviklar og tingar utdanningstilbod i lag. Rygjabø, Strand og Sauda vidaregåande skolar skal stå fram som regionale kompetansesentra og fasilitere og gjennomføre tinga og tilrettelagt utdanning der folk bur som nettbasert undervising.

Kommunar og verksemder lagar system for deltaking for tilsette. Motivasjon, løns- og arbeidsvilkår skal utformast for å fremje deltaking.

6. Organisering av samarbeidet Mål og ansvarsområde

Rygjabø, Strand og Sauda vidaregåande skolar

- Organisere og legge til rette for lokalt tilpassa utdanning
- Opprette og drifte kontor for innmelding av utdanningsbehov
- Rekruttere deltakarar til utdanning
- Ha ansvar for webbasert kontaktpunkt

Høgskolen Stord / Haugesund

- Gjere utdanning tilgjengeleg der folk bur
- Vidareutvikle og nyutvikle studietilbod for avstandsuavhengig utdanning
- Auke utdanningskapasitet i samsvar med nye behov
- Kvalifisere eigen organisasjon for å legge til rette utdanning
- Ha ansvar for opptak og eksamensavvikling jfr. forskrift

Forsand, Strand, Finnøy, Hjelmeland, Suldal og Sauda kommunar

- Føre kontinuerleg oversyn over utdanningsbehov i lokalsamfunn og egne organisasjonar
- Prioritere UiR ved utdanningstiltak
- Stimulere og legge til rette for utdanning for tilsette og innbyggjarar
- Synleggjere resultat av utdanningstiltak

Verksemder og næringslivsselskap i Ryfylke

- Registrere og melde utdanningsbehov
- Rekruttere deltakarar til utdanning
- Stimulere til utdanning på tvers av profesjongrensar
- Profilere UiR

7. Styring

Det vedtaksføre organet er ei styringsgruppe samansett av representantar for partnarane med tillagt ansvar for økonomi, engasjert personale, oppfølging av prosjektplan med resultat. Prosjektleiær er sakshandsamar og sekretær for styringsgruppa.

8. Profilering

Denne avtalen og tiltak gjennomført i regi av avtalen, skal marknadsførast som samarbeidsprosjekt mellom avtalepartnarane.

Partnarane er samde om å synleggjere oppnådde resultat både for eigen organisasjon og totalt for utdanningssamarbeidet.

9. Oppseiing

Avtalen kan seiast opp årleg per 01.08. med eitt års varsel.
Ved usemje mellom partnarane kan avtalen takast opp til endring.

Strand 10. februar 2012

Rogaland fylkeskommune v/fylkesordfører

Høgskolen Stord/Haugesund v/rektor

Finnøy kommune v/ordfører

Forsand kommune v/ordfører

Hjelmeland kommune v/ordfører

Sauda kommune v/ordfører

Strand kommune v/ordfører

Suldal kommune v/ordfører

Ryfylke IKS v/ dagleg leiar

Høgskolen for landbruk og bygdenæringar v/rektor

Ryfylkemuseet v/direktør

Hjelmeland Vekst AS v/dagleg leiar

Ryfylke Næringshage AS v/dagleg leiar

Sauda Vekst AS v/dagleg leiar

Suldal Vekst AS v/dagleg leiar

Comrod

Eramet Norway Sauda v/verksdirektør

Inosa AS v/dagleg leiar

Marine Harvest AS v/

Scana Steel AS v/ adm.dir.

Westcontrol
